

## Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 15.06.2020, kl. 14.15

Stad: Zoom: <https://uib.zoom.us/j/66233622395?pwd=YnBJN2RmU2dBZlhbkNyWXR6dDhaUT09>

Meeting ID: 662 3362 2395

Password: 6C9?#L5=

Til: Heming Gujord (undervisningskoordinator), Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitskap), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitskap), Torodd Kinn (nordisk språk), Christine Hamm (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Else Berit Molde (norsk kursa), Endre Brunstad (lektorutdanninga) Vegard Sørhus (sekretær (vikar)), Inger Marie Hatløy (fakultetssekretariatet) Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant) og Espen Holthe (studentrepresentant)

### Saksliste

UUI-sak 8/20: Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
UUI-sak 9/20: Orienteringssaker .....	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte.....	1
Orienteringssak 2: Orientering om undervisning og internasjonalisering hausten 2020 .....	3
Orienteringssak 2: Status i fagmiljøa .....	3
Orienteringssak 3: Status i studieadministrasjonen.....	4
Orienteringssak 4: Undervisningsassistentar hausten 2020 .....	4
UUI-sak: 10/20 Drøftingssaker .....	4
Drøftingssak 1: Planlegging av vurdering for hausten 2020.....	4
UUI-sak 12/20: Vedtakssak.....	4
Vedtakssak 1: Møtedatoar hausten 2020 .....	4
UUI-sak 13/20: Ymist.....	4

### UUI-sak 8/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

### UUI-sak 9/20: Orienteringssaker

### Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonisering (UUI)

Tid: 04.05.2020, kl. 09:00

Stad: Zoom: <https://uib.zoom.us/j/69982765900?pwd=T0pjZHovelBtUWJ6RHRTYkJMUDFIUT09>

Meeting ID: 699 8276 5900

Password: 025059

Til stades: Heming Gujord (undervisningskoordinator), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitskap), Torodd Kinn (nordisk språk), Christine Hamm (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Else Berit Molde (norskursa), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant).

Gjest: Cecilie Boge frå Læringslaben

Observatør: Helga Ramstad Vatsaas (studieadministrasjonen)

Meldt forfall: Endre Brunstad og Erik Bjerck Hagen (sistnemnde var med som observatør)

Ikkje til stades: Espen Holthe

Saksliste

UUI-sak 4/20: Godkjenning av innkalling og saksliste1  
UUI-sak 5/20: Orienteringssaker1  
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte1  
Orienteringssak 2: Status i fagmiljøa2  
Orienteringssak 3: Erfaringar med ressursbudsjett2  
UUI-sak: 6/20 Drøftingssaker2  
Drøftingssak 1: Planlegging av undervisning for hausten 20202  
Drøftingssak 2: Undervisning og vurdering våren 20202  
Drøftingssak 3: Planlagd innføring av forventa utveksling i studieprogramma2  
UUI-sak 7/20: Ymist2

UUI-sak 4/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 5/20: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Referatet var godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Orienteringssak 2: Status i fagmiljøa

Fagkoordinatorar fekk 2 minutt kvar til å orientere om stoda i fagmiljøa. Etter ein førespurnad frå Markus Pold, blei det òg bede om at ein snakka om korleis det stod til med studentar som er på utveksling. Både innreisande og utreisande.

Digital kultur: Vi har berre digitale eksamenar. Overgangen har ikkje vore så stor. Vi har faste stabsmøte kvar veke. Ingen har meldt om utfordringar. Lab-undervisning har det vore verre med, den har måtta gått ut. Det er mange internasjonale namn på digital kultur, så det er litt vanskeleg å vite kven som tilhøyrer kva for kategori, men særleg ein av undervisarane har full kontroll og følger godt opp.

Teatervitskap: Det går ganske bra. Vi har hatt undervisning i Zoom og Kaltura. Det er litt vanskeleg å halde styr på kven som er utvekslingsstudentar, men vi har hatt god oppfølging.

Språkvitskap: Undervisningsassistenten har vist seg å vere avgjerande. Det har blitt arrangert virtuell programmeringslab. Litt utfordringar med at studentane har ulike system. Håpar å kunne halde fram med undervisningsassistent.

Kunsthistore: Ulike former for undervisning, og ein har ikkje fått negative tilbakemeldingar. Vi har lagt om vurdering i eitt emne. Blir kanskje utfordringar til hausten med store emne.

Klassisk: Det går stort sett bra. Litt ujamt i starten. Brukar mest Zoom, litt mindre Kaltura. Ein del emne går på individuell rettleiing. Undervisning går både asynkront og synkront. Utvekslingsstudentar i Roma kom tilbake til Bergen.

Norskursa: Det meste har blitt flytta til Zoom. Dei internasjonale studentane har reist heim. Fråfall på munnleg eksamen. Dei internasjonale gradsstudentane har i stor grad blitt her. Mykje fråfall på tilsette og partnarar. På trinn tre har vi ein veldig kort heimeeksamen, men har utvida med ein ekstra, lang munnleg eksamen.

Nordisk litteratur: Har hatt regelmessige møte. Vi må tilby undervisning i ulike kanalar og på ulike måtar. I nokon grad dobbel undervisning sidan studentane har ulike ynske. Har inntrykk av at studentane føler at dei er ivaretatte. Vi har brukt ein del tid på dei internasjonale masterstudentane.

Studieleiar Signe Nilssen orienterte om korleis UiB har lagt til rette for utvekslingsstudentar - innreisande og utreisande. Generelt har ein oppmoda studentar om å kome heim, og dersom ein ikkje kan fullføre eksamen digitalt frå Noreg, vil UiB legge til rette for at studentane får høve til å melde seg opp i tilsvarande

emne her. Dersom det blir vanskeleg for studentane våre å fullføre i det heile dette semesteret, skal Lånekassen vere fleksibel. Innreisande studentar har blitt oppmoda om å følgje heimeuniversitetet sine tilrådingar. Alle har høve til å ta eksamenar digitalt frå heimlanda sine. UiB har også oppretta eit krisefond for internasjonale mastergradsstudentar ved UiB, som dei kan søke på. Det er Internasjonalt kontor som har stått for den viktigaste informasjonen.

Orienteringssak 3: Erfaringar med ressursbudsjett

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterte om leiingas erfaringar med ressursbudsjettet. Det har blitt ført på veldig ulike måtar, og her må vi nok følgje opp med betre rettleiing til korleis ein skal føre budsjetta. Det er vanskeleg med vikarar. Vi må budsjettere med balanse. Ad-hoc-vikarar er svært uønskeleg.

UUI-sak: 6/20 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Planlegging av undervisning for hausten 2020

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleia. Førsteamanuensis Cecilie Boge frå læringslaben presenterte om korleis ein kan legge til rette for undervisning via digitale flater og kva for ressursar læringslaben har tilgjengeleg. UUI melder tilbake om utfordringar med svarste skjermar. Det er vanskeleg å gi god undervisning når studentane er tause. Somme har erfart at alle spørsmåla kjem i etterkant av forelesinga, og har difor gjort henne kortare for å kunne bruke meir tid på spørsmåla som kjem inn. Elles er ein generelt usikker på korleis ein bør prioritere i undervisninga, og korleis ein bør legge opp eksamensoppgåvene. Cecilie Boge oppmoda om å gjere seg nytte av lågterskeltilbodet vilblidigital@uib.no.

Drøftingssak 2: Undervisning og vurdering våren 2020

Undervisning og vurdering våren 2020. Korleis har det gått? Kva har vore vellukka og kva har vore mindre vellukka? Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleia.

Arnt Robert Leganger synest det er leitt at ein del munnlege eksamenar forsvinn i inneverande semester.

Else Berit Molde: Det hadde vore greitt å synleggjere tydeleg kva som er kravd av studentane når det gjeld pc, utstyr og nettverk.

Keld: Har gått vekk frå justerande munnleg i ein del emne. Men ser på det som ein test av dei nye tilrådingane om å unngå dobbel vurderingsordning.

Aidan Conti: Vi gjorde ikkje store endringar i eksamensoppgåva for at det skulle vere som studentane forventa, men vi skreiv litt om for å tilpasse til det nye formatet. Det gjekk ok, så vidt vi har høyrte.

Arnt Robert Leganger: Utfordringar med at ein ikkje har tilgang til pc-salar.

Det kan vere vanskeleg for studentar som manglar relevant utstyr og god nettilgang.

Drøftingssak 3: Planlagd innføring av forventa utveksling i studieprogramma

Fakultetet og instituttet har mottatt brev om planlagd innføring av forventa utveksling i studieprogramma. Instituttleiinga har valt å nedprioritere dette grunna låg bemanning i studieadministrasjonen og innføring av koronatiltak, men vi ber no programstyra om å handsame bestillinga og sjå på korleis studieprogramma kan legge til rette for dette. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleia.

Studentrepresentantane stilte spørsmål ved i kva grad vi kan tvinge studentar til å reise på utveksling, og særleg med tanke på dagens situasjon. Studieleiar Signe Nilssen understreka at dette først og fremst er ei bestilling til fagmiljøa om å legge til rette for gode avtalar med gjennomtenkte emnetilbod på utvalde universitet, og at fagmiljøa òg må syte for å ha eit godt tilbod her heime til dei som av ulike grunnar ikkje har høve til å reise på utveksling.

Fagmiljøa må førebu seg på innføring av forventa utveksling i studieprogramma. Ein må då føresetje at ein får ei normalisering med tanke på koronakrisa slik at forventa utveksling er gjennomførleg. Vi avventar også moglege endringar av ambisjonane i lys av erfaringane frå koronakrisa.

UUI-sak 7/20: Ymist

Keld Hyldig melde inn eit spørsmål om dei treårige emneevalueringane. Kan vi få ein mal for korleis desse rapportane skal sjå ut? Systembeskrivinga listar berre opp punkt som skal vere med, men gir ikkje ein framgangsmåte for korleis desse skal svarast på.

Studieleiar Signe Nilssen sa at det har vore meldt at det skal kome ein slik mal, men at vi førebels ikkje har fått noko. Vanlegvis har ein sett på andre sine rapportar til støtte.

## Orienteringssak 2: Orientering om undervisning og internasjonalisering hausten 2020

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleier.

## Orienteringssak 2: Status i fagmiljøa

Representantane frå fagmiljøa får 3 minutt kvar til å orientere om stoda.

### Orienteringssak 3: Status i studieadministrasjonen

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterer.

### Orienteringssak 4: Undervisningsassistentar hausten 2020

Det har blitt sett til side pengar på instituttet til undervisningsassistentar på LLE hausten 2020. Nokre har alt søkt og fått. I denne omgangen blir diverre fagmiljøa i klassisk og norrønt, og dessutan norskursa, haldne utanfor. Søknadsfrist er tysdag 23. juni på e-post til studieleiar Signe Nilssen. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterer.

### UUI-sak: 10/20 Drøftingssaker

#### Drøftingssak 1: Planlegging av vurdering for hausten 2020

Vi må planlegge for alternative vurderingsformer også til hausten. Viser til utsendt e-post frå studieleiar Signe Nilssen 27. mai og frå «støttestudieleiar» Inger Marie Hatløy onsdag 10. juni. Inger Marie Hatløy og Vegard Sørhus orienterer. Sjå vedlegg.

### UUI-sak 12/20: Vedtakssak

#### Vedtakssak 1: Møtedatoar hausten 2020

7. september

12. oktober

23. november

Om det blir bruk for det, kan vi òg halde møte i desember.

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner møteplanen for hausten 2020.

### UUI-sak 13/20: Ymist